

Sakshandsamar: Torkjel Kristiansen Solbraa, tenesteleiar samfunnsutvikling  
Sak nr.: 2023/4117 - 3

**Saksgang**

---

Saksnummer	Møtedato	Utval
	15.05.2024	Utval for levekår Formannskapet

**Plan for friluftslivets ferdselsårer**

**Kommunedirektøren rår utval for levekår til å gje slik tilråding:  
Utval for levekår rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:**

1. Plan for friluftslivets ferdselsårer blir sendt til uttale hjå råd og frivillige lag og organisasjonar i kommunen.

**Vedlegg:**

- 1 Plan for friluftslivets ferdselsårer

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Bakgrunn for saka**

Sogndal kommune har fått stønad frå Vestland fylkeskommune for å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer. Planen skal gi nokre overordna prinsipp for korleis kommunen ønskjer å jobbe med tilrettelegging av tursti- og turvegnettet i Sogndal kommune. Den skal gi kommunen betre oversikt over tilstanden på stiar og turvegar i friluftsområda, og foreslå utbetringar basert på dei overordna prinsippa i planen. Målet er at me aukar kvaliteten på friluftsopplevingane til innbyggjarar og besøkande på ein måte som er både inkluderande og berekraftig.

Kartleggingsarbeidet som er gjort i samband med plan for friluftslivets ferdselsårer skal brukast til å oppdatere kartverket sin nasjonale kartdatabase. Saman med kartlagde og verdsette friluftslivsområder som kommunane har gjort tidlegare blir datasettet viktig for å sikre areal og samanhengar for friluftslivet.

Kartleggingsgrunnlaget blir såleis eit hjelpemiddel i overordna planlegging og detaljplanlegging i kommunen. Sjølve planen vil påverke korleis kommunen kjem til å jobbe med nye og eksisterande ferdselsårer dei neste åra. Tiltaka kan følgjast opp som kommunale tilretteleggings- og investeringsprosjekt eller som samarbeidsprosjekt med frivillige organisasjonar og andre aktørar.

### Avgrensingar

Planen omfattar dei viktigaste turstiane og turvegane kring tettstadene våre, og informasjon, merking, kvileplassar og rasteplassar knytt til desse. Men planen omfattar ikkje sanitæranlegg og parkeringsplassar sidan desse bør sjåast i samanheng med eit framtidig arbeid i kommunen knytt til besøksforvaltning. Skiløyper, sykkelløyper, badestrender, aktivitetar på fjorden og turstiar i utmarksområde lang unna tettstadene inngår heller ikkje i denne planen. Men det er eit mål at planen tek inn desse tilboda når den blir rullert ved seinare høve.

### Medverknad

For å kartlegge turane vart det arrangert arbeidsverkstadar i alle dei fem tettstadane i kommunen: Fjærland, Sogndal, Kaupanger, Leikanger og Balestrand. Her vart både lag og organisasjonar knytt til friluftsliv og alle innbyggjarar elles inviterte. Dei fekk moglegheit til å teikne på kart og på den måten bidra i kartlegginga av turruter og målpunkt. I tillegg har nokre ressurspersonar i bygdene vore med i ettertid for å kvalitetssikre kartlegginga. I utarbeidinga av tiltakslista har det vore møter med aktuelle lag og organisasjonar som arbeidar med friluftsliv for å få innspel og tilbakemelding på om tiltaka treff deira behov.

### Forankring

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit stateleg initiativ som følgjer opp Stortingsmelding 18 (2015-16) *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*. Planarbeidet følgjer metodikken som er vist til i vegleiar M-1292 utarbeida av Miljødirektoratet (2019). Jamfør samfunnsplanen til Sogndal kommune skal Sogndal bli best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet. Plan for friluftslivets ferdselsårer skal bidra til dette ved å legge til rette for:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse hjå innbyggjarane
- Auka bulyst og attraktivitet som bukommune og reisemål
- Eit breitt aktivitetstilbod med ulik tilretteleggingsgrad
- Fleire turar i nærområde rundt tettstadane
- Betre informasjon om og kjennskap til ferdselsårene i kommunen, både fysisk og digitalt
- Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdselsårer i tettstadane.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I følgje [Helsedirektoratet](#) (2024) har me ikkje klart å auke det fysiske aktivitetsnivået i befolkninga til det nivået som styresmaktene ønskjer. Førebyggjande fysisk aktivitet blir peika på som avgjerande for å motverke dei auka utgiftene i helse- og omsorgssektoren som er venta i framtida. Dersom 100 inaktive personar over 50 år

byrjar å gå 1-2 km kvar dag vil det resultere i 730 friske leveår totalt i følgje Helsedirektoratet. Dei samfunnsøkonomiske gevinstane av fleire friske leveår er store, og Helsedirektoratet vil i løpet av 2024 utarbeide tal som vil syne kor mykje det offentlege vil spare på at ein inaktiv innbyggjar til dømes går 1 km kvar dag. Å få fleire innbyggjarar til å gå er eit av dei enklaste, mest sosialt utjamnande og effektive verkemidla ein kommune kan bruke for å gjere fleire innbyggjarar fysisk aktive. Og å vere fysisk aktiv i naturen og nærmiljøet er den aktiviteten nordmenn helst ønskjer å gjere meir av.

Ein del av tiltaka som blir foreslått i planen treng vedtak i kommunebudsjettet dersom dei skal realiserast. Plan for friluftslivets ferdselsårer sin funksjon i den samanheng er å tydeleggjere dei kommunale prioriteringane dersom investerings- eller driftsmidlar til turstiar og turveggar blir løyvd i budsjettet.

#### Plankonsekvensar

Plan for friluftslivets ferdselsårer er ein temaplan som vil fungere som ein strategi- og handlingsplan for korleis kommunen skal tilrettelegge for turstiar og turveggar dei neste 4 åra. Tiltaka i planen skal skje på ein måte som er i tråd med den til ein kvar tid gjeldande samfunns- og arealplanen i kommunen.

#### Miljømessige og sosiale konsekvensar

Planen legg stor vekt på at innbyggjarane ikkje skal trenge bil for å ta i bruk turstiar og turveggar. Difor ligg dei fleste tiltaka i nær tilknytning til eksisterande bustadområde i tettstadene. Planen legg også stor vekt på at så mange som mogleg skal kunne bruke ferdselsårene. Difor er dei fleste tiltaka tilpassa inaktive innbyggjarar og personar med funksjonsnedsettingar i den grad det er mogleg. Planen legg samstundes stor vekt på at tiltaka ikkje skal forringe eksisterande opplevingskvalitetar og naturmangfald. For kvart tiltak må graden av tilrettelegging ta omsyn til opplevingskvalitetane og naturmangfaldet i det aktuelle området.

#### Grunneigartilhøve

Kommunen har hatt dialog med nokre grunneigarar om konkrete tiltak i løpet av planprosessen. Andre gonger har dei lokale frivillige organisasjonane hatt dialog med grunneigarar om tiltaka, anten i samband med planprosessen eller ved tidlegare høve. Der kommunen ønskjer å undersøke moglegheita for å etablere heilt nye turstiar eller turveggar er det ikkje gjennomført grunneigardialog enno. Grunnen til dette er at totalomfanget av grunneigarar er stort og at tiltaka bør forankrast politisk før vidare undersøkingar og grunneigardialog blir gjennomført. Det bør også presiserast at å undersøkje moglegheita for å etablere ein tursti eller turveg ikkje er det same som at turstien eller turvegen faktisk skal etablerast. Både grunneigartilhøve, naturmangfald, omsyn til landbruksinteresser eller andre utfordringar kan komme i vegen for at desse nye turstiane eller turvegane blir realisert.

### **3. Konklusjon**

Prinsippet for korleis kommunen ønskjer å jobbe med tilrettelegging for friluftsliv er at me ønskjer å nå så mange innbyggjarar som mogleg, så nær som mogleg der dei bur. Kommunen skal difor prioritere turstiar og turveggar i tettstadene og i nærnaturen kring tettstadene. Vidare har planen følgjande mål:

- Alle innbyggjarane i tettstadane skal ha tilgang til eit nærnaturområde med lågterskel turstinett innan 10 min/500 meter gange frå bustadområdet sitt
- Kvar tettstad skal ha minst eitt universelt utforma turmål.
- All informasjon og merking om turtilbod skal følgje merkehandboka og ein standard for godt tilgjengeleg turinformasjon.
- Informasjon om turtilboda skal vere tilgjengeleg både fysisk og digitalt.
- Planen skal i den grad det er mogleg prioritere tiltak og områder som legg til rette for rundturar.

Alle tiltaka som er prioritert i planen skal som hovudregel treffe alle desse eigenskapane:

- ✓ Tiltaket når mange innbyggjarar utan at dei må bruke bil
- ✓ Tiltaket kan gjerast godt tilgjengeleg eller universelt utforma for funksjonsnedsette
- ✓ Tiltaket kan gjere at inaktive innbyggjarar blir meir fysisk aktive
- ✓ Tiltaket kan skape meir attraktive stader å bu og besøke
- ✓ Tiltaket kan føre til ein potensiell miljøgevinst

Dei konkrete tiltaka som er foreslått i planen står i vedlegget til saka. For å sikre god medverknad gjennom heile prosessen anbefaler Miljødirektoratet at plan for friluftslivets ferdselsårer blir sendt ut på avgrensa høyring.